

Mot ein ny sakralarkitektur?

SEMINAR I KULTURKYRKJA JAKOB,
LAURDAG 24. SEPTEMBER 2005, KL 10.00 -14.30

1. Kyrkjebygget og liturgien

Etter den andre verdskrigen og kanskje særleg etter det andre vatikankonsilet har det vore ei liturgisk utvikling som har sett markerte spor etter seg i kyrkjearkitekturen og i innreiinga av rommet. Fellesskapsdimensjonen og kyrkjelyden si aktive deltaking har fått større vekt. Dette har resultert i at ein i fleire eldre kyrkjer har sett opp eit nytt permanent eller provisorisk alter nærare forsamlinga i tillegg til det gamle alteret. Mange stader har presten slutta å stå med ryggen til kyrkjelyden og forrettar no med andletet vent mot dei. Kyrkjebenkar har blitt fjerna og kyrkjeskipet har blitt ominnreia slik at også folket kan ha blikkontakt seg i mellom. Dette utfordrar både ny og gammal kyrkjearkitektur. Ein ting er forholdet mellom dei gamle kyrkjene og den liturgiske rørsle sine rådande ideal. Ei anna sak er korleis dagens liturgiske tenking bør prege nye kyrkjebygg. Vi lar teologar og arkitektar møtast til samtale om desse spørsmåla.

Seminaret blir arrangert i ramma av ei utstilling av Gunnar Torvund sin kyrkjekunst. Hans kunst samspekar med liturgien, heilt i tråd med den postmoderne handlingsorienterte kunsten. Dette vil bli nærare utdjupa i seminaret.

2. Kyrkjebygget som 'noko meir'

Kyrkjebygget har dei fleste stader ein funksjon som går langt ut over det å leggje til rette for dei liturgiske handlingane. Nokre vil hevde at kyrkjene i stadig større grad treng å vere stader der menneske på individuell basis og heilt uforpliktande kan oppleve kyrkjerommet sin atmosfære, la kunst og arkitektur tale, tenne eit lys, be ei bøn og gå igjen når dei vil. Andre talar om symbolbygg, identitetsmarkørar, kulturhus, heilage rom og rammeverk rundt dei viktigaste overgangsrituala i livet. Eller det kan vere aktivitetshus, omsorgsstasjon, konferansesenter og nærmiljøsentral.

Debatten rundt Mortensrud kyrkje i Oslo er velkjend. Utkastet til ny kyrkje på Bøler i Oslo har denne sommaren utløyyst debatt. Planane til ny kyrkje inkluderer restaurant med alkoholserving og eit livssynsnøytralt rom.

Dette reiser fleire debattar, både om forholdet mellom ulike behov og om forholdet mellom funksjon og form. Vi vil utfordre arkitektar som har bygd kyrkjer til å seie noko kva premiss som har vore avgjerande for dei i prosessen fram mot å teikne ei kyrkje. Og vi vil be om ei vurdering av vår tids kyrkjearkitektur lys av den meir generelle utviklinga i samtidsarkitekturen.

Vi har bede desse fagpersonane om å innleie til samtale om desse emna:

Teolog Kari Veiteberg
Arkitekt Arne Sæther
Kunsthistorikar Birgitte Solbu
Praktikumsrektor ved Teologisk Fakultet Geir Hellemo
Arkitekt Hege Maria Eriksson
Arkitekt Jan Olav Jensen